



Arkivnr: 2014/21640-2

Saksbehandlar: Guro Kjellerød

**Saksframlegg****Saksgang**

| Utval                       | Saknr. | Møtedato   |
|-----------------------------|--------|------------|
| Opplærings- og helseutvalet |        | 18.08.2015 |
| Fylkesutvalet               |        | 27.08.2015 |

**Pedagogisk Arkitektur - Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK****Samandrag**

Fylkesrådmannen viser til brev av 03.08.2002 der Opplæringsavdelinga fekk i oppdrag å greie ut kva for funksjonskrav som måtte stillast til ein moderne, fleksibel læringsinstitusjon/skule. Det var på bakgrunn av denne bestillinga at fyrste utgåva av dette dokumentet kom på plass i 2003. Dokumentet vart gjennomgått og redigert i 2009 og er no gjennomarbeidd på nytt for å møte dagens krav og forventningar til skuleanlegg.

**Forslag til innstilling**

- |   |   |
|---|---|
| 1 | «Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK» skal nyttast som del av grunnlaget ved bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og ved rehabilitering og mindre ombyggingsarbeid av vidaregåande skular i HFK. |
| 2 | Dokumentet «Pedagogisk Arkitektur» bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomført i 2020.   |

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Svein Heggheim  
fylkесdirektør opplæring

Vedlegg: «Pedagogisk arkitektur – Krav og forventningar til skuleanlegg i HFK».

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

### **Fylkesrådmannen, 30.06.2015**

Fylkesrådmannen viser til brev av 03.08.2002 der Opplæringsavdelinga fekk i oppdrag å greie ut kva for funksjonskrav som måtte stillast til ein moderne, fleksibel læringsinstitusjon/skule. Det var på bakgrunn av denne bestillinga at fyrste utgåva av dette dokumentet kom på plass i 2003. Dokumentet vart gjennomgått og redigert i 2009 og er no gjennomarbeidd på nytt for å møte dagens krav og forventningar til skuleanlegg.

Dokumentet omtalar dei krav og forventningar som Hordaland fylkeskommune stiller til sine skuleanlegg. Dokumentet dannar grunnlaget for bestilling av nye skuleanlegg, utbygging av eksisterande anlegg og krav til rehabiliteringar og mindre ombyggingar. Ved nye byggeprosjekt vil innhaldet i dokumentet vere å rekne som krav, og ved mindre byggeprosjekt og rehabiliteringar vil dokumentet ha status som retningsgivande.

Dokumentet tek utgangspunkt i fylkeskommunen og brukaren sitt perspektiv og behandlar særleg det funksjonelle med bakgrunn i den pedagogiske aktiviteten som skal utøvast i anlegget.

Det er eit overordna mål i HFK at det skal satsast på arealeffektivitet, sambruk og fleirbruk i skuleanlegga. Fylkesrådmannen ynskjer at skuleanlegg i HFK i større grad har ein fleksibel arkitektur som kan følgje trendar og endringar i programområde, politiske vedtak og utviklinga i samfunnet generelt.

Dokumentet er utarbeidd av opplæringsavdelinga i samarbeid med eigedomsseksjonen. Tillitsvalde og rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har hatt høve til å kome med innspel. Innspela er innarbeidde i teksten.

Dokumentet «Pedagogisk Arkitektur» bør behandlast som eit dynamisk rullerande dokument, og bør ha ein regelmessig gjennomgang kvart 5. år. Neste gjennomgang vert tilrådd gjennomførd i 2020.